

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Kristi openberringsdag - 6. januar 2013

Preiketekst: Joh12,42-47

Lesetekst I: Jes51,4-8

Lesetekst II: 2 Kor 4,1-6

Å høyre til Israels rest

Til dagen

Ved starten på openberringstida, som skal utdjupe for tru og tanke kven Jesus er, møter vi i år tekstar som talar med alvor om tru og vantru. Det er ikkje nok å erkjenne kven Jesus er, om det ikkje fører til levande tru og vedkjenning av trua.

Misjonsperspektivet kjem særleg fram i omgrepet "Lys til verda". Tanken er utvikla gjennom GT: Både Herrens utvalde folk og folkeslaga ventar på dette lyset. Så har lyset kome i personen Jesus Messias. Men bodskapen har tronge kår i verda: Kva hjelper det med lys, når menneska er blinde? Som Kristus sjølv opplevde det, vil hans tenarar til alle tider måtte rekne med at Ordet som kan skape tru, også utløyser motstand, ja vantru.

Samanhengen

Evangelisten Johannes avsluttar si framstilling av Jesu offentlege gjerning med vår tekst. Framstillinga tok til med prologen i kapittel1, der Jesus vert presentert som den evige Guds Son, sendt til verda, sendt til sitt eige folk.

I Joh1,11-12 får vi historia i kortform: Det var mange av hans eigne som *ikkje* tok imot han, men *alle som tok imot han*, dei fekk barneretten. Det fanst altså unntak. "Israels rest" har dei truande i folket til alle tider vorte kalla. No er det dei som opnar seg for Jesus, som er denne "resten" - dei rettferdige/rettferdiggjorde, dei som skal arve jorda/få del i det evige riket.

I kapittel12 er ringen slutta: Det er Jesu siste påske. Han har i ord og gjerning utført sitt oppdrag mellom menneska. Han har fullført Guds-openberringa, slik døyparen Johannes vitna: *For lova vart gjeven ved Moses, nåden og sanninga kom ved Jesus Kristus. Ingen har nokon gong sett Gud, men den einborne, som er Gud, og som er i fanget til Far, han har synt oss kven han er.* (Joh1,17-18)

Her, ved denne oppsummeringa, vert det bekrefta at i møte med Jesus, oppstår det eit skilje; mellom menneske som trur – og dei som set seg sjølv utanfor. Og skiljet går tvers gjennom

Guds eige folk. Langt inn i dei høgste religiøse sirklar, mellom leiarar og autoritetar, er det mange som er overtydde: **Likevel** var det mange som tok til å tru på han, til og med av rådsherrane.

Likevel?

For Johannes er det ikkje overraskande at det er så mange som *ikkje* tok imot i tru. Han er kanskje meir overraska over at det verkeleg er nokre som *vert* truande. For han kjenner Skriftene, og han har nettopp (v.38-40) sitert frå profeten Jesaja – han som hadde forutsagt at *Herrens lidande tenar* (kap 53) ikkje kunne rekne med noka storstilt mottaking. Johannes ser Jesu møte med Israels folk som ei oppfyljing av profetordet. På sjølve tempelplassen har Jesus, frå den staden der dei store faklane på høgtidsdagar sende sitt lys ut over verda, frå sjølve staden for Guds nærvær i sitt folk, utropt seg som LYSET for verda. Det provoserande ved evangeliet er den ufortente nåden, at Jesus inkluderer tollarar og syndarar, fattige, blinde og uføre, ja har omgang med dei ureine. Difor skapar det også motreaksjon. Og kva meir er: Det passar mennesket dårleg å få noko gratis. Då som no er argumentet: ”Fordi du fortener det...”

Det alvorlege er: Den som avviser evangeliet, vert ute av stand til å tru. Resultat: Åndeleg blind, forherda. Og det er Gud(!) som forherdar.

Dette er eit tema for mykje teologisk refleksjon i NT. Kjernestoff her er Rom 9-11 der Paulus drøftar ”Guds veg med Israel”. Her skriv han mellom anna at Jesus og evangeliet er ein støytstein, og siterer frå Jes 28. Grunnsteinen (hjørnesteinen i det nye tempelet), har vorte ein stein dei støyter seg på.

Grader av tru?

Det fins ei indre overtyding hos mange om at Jesus er truverdig, ja, at han er Messias, også hos ein del medlemmer av Sanhedrin, Det høge rådet. Men der er det streng justis som gjeld. For farisearane ser det som fråfall frå Israels Gud å låne øyre til vranglære frå ein som har opphøya seg i Guds stad. Dei vaktar ikkje berre sin eigen maktposisjon, dei er Guds forsvararar. Difor har farisearane fått gjennom eit vedtak om ei høveleg straff for dei som måtte finne på å støtte denne Jesus: Uttestenging frå synagogen. Difor vert dei som trur, knebla, og dei fleste skygger unna - alle så nær som to namngjevne: Nikodemus og Josef frå Arimatea. Når det står mellom ære frå menneske og ære fra Gud, tenker dei kortsiktig. Å verte utestengt frå synagogen er nemleg farvel til det gode selskap, så vel religiøst, som sosialt og økonomisk. Aktuell problemstilling i dag også, både i Israel og andre stader.

Neste steg på trusvegen skulle vere at overtydinga førde til open vedkjenning. Jesus er ganske kompromisslaus: *Kvar den som kjennest ved meg for menneska, skal eg òg kjennast ved for Far min i himmelen. Men den som fornektar meg for menneska, skal eg òg fornektast for Far min i himmelen.*(Matt10)

Proklamasjonen

Summen av Jesu sjølvpresentasjon, kven han er, kven han representerer, ja, essensen av Guds frelsesvilje for verda, stiller Johannes opp for oss i dei siste versa i dagens tekst (som for øvrig vert forsterka i dei versa som avsluttar kapittel 12 etter teksten).

- Han kjem frå Gud og er Gud.
- Han kjem med lys i mørke, og ingen treng bli verande i mørket.

- Han kjem med frelse og ikkje med dom.
- Møtet med hans ord, som er ord frå Far, er det som skapar skille og som dermed har doms-funksjon.

Realitet

Vi som kjenner historia, veit at evangeliet fann sin veg til folkeslaga då fleirtalet i det jødiske folk ikkje tok imot det. Ved det fekk folkeslaga del i Guds-openberinga, i lyset frå Gud, i velsigninga som vart lova Abraham. Difor står vi i takkeskuld til dette folket.

Men Gud har ikkje støytt frå seg sitt utvalde folk (Rom11,1 flg), korkje på Paulus si tid eller i dag. Sjølv om dei vart både både gløynde og forfølgde, har dei Jesus-truande heile tida vore der som "Israels rest". I dag vert stadig ein og annan jøde overtydd om at Jesus er Israels Messias. Dei kjem til tru og dei vedkjenner trua, sjølv om kostnaden kan vere høg i høve til familie og det jødiske samfunnet. Den messianske rørsla veks, så vel i Israel som elles i verda. Dei sluttar seg til det nye tempelet av levande steinar, samanføya av jødar og heidningar i eitt byggverk, grunnlagt på hjørnesteinen Jesus. *De er oppbygde på grunnvollen til apostlane og profetane, og hjørnesteinen er Kristus Jesus sjølv. I han blir heile bygningen halden saman, så han veks til eit heilagt tempel i Herren, og i han blir de òg bygde opp til ein bustad for Gud i Anden.*(Ef 2,20-22)

Ære og vanære/vinning og tap

Når det gjeld valet mellom kortsiktig og langsiktig vinning, kjem eit Pauli ord i tanken – han som også hadde vore ein farisear: *Men alt dette eg såg som vinning, det reknar eg no for Kristi skuld som tap.* (Fil 3,7). Les gjerne samanhengen: Fil3,1-11

Annbjörg Eiksund Hesselberg

misjonssekretær i Den Norske Israelsmisjon, Trøndelag krins

annbjorg.hesselberg@ntebb.no